



MØTEINNKALLING

Utval: Komite for næring, kultur og idrett
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 12.05.2014
Tid: 16:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 07.05.14

Bjørn Otterlei
leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 20/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 21/14	Protokoll frå førre møte
PS 22/14	Referatsaker
PS 23/14	Førstelinjeteneste for etableringsrettlegg i Herøy.

Referatsaker

RS 3/14	Høring - Forskrift om distriktsrettet investeringsstøtte og regional transportstøtte
---------	--------------------------------------------------------------------------------------

PS 20/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 21/14 Protokoll frå førre møte

PS 22/14 Referatsaker



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2014/479
		Arkiv:	U01

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
23/14	Komite for næring, kultur og idrett Formannskapet	12.05.2014

FØRSTELINJETENESTE FOR ETABLERINGSRETTLEIING I HERØY.

Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy kommune inngår ny partnerskapsavtale med Møre og Romsdal fylke og Innovasjon Norge Møre og Romsdal om førstelinjeteneste for etablerarrettleiing; Hoppid.
2. Formannskapet godkjenner vedlagde avtaleutkast for etablerarrettleiing med Ålesund Kunnskapspark, som medfører at tenesta vert utført av lokal industriinkubator i Ulstein.
3. Fastbeløpet av kostnaden med tenesta, kr 50.000,- vert å dekke frå næringsfondet/RDA- midlar.

Særutskrift:

- Ålesund Kunnskapspark v/Arne Mehl, Borgundvegen 340, 6009 Ålesund
- Møre og Romsdal fylkeskommune, Julsundvegen 9, Fylkeshusa, 6404 Molde
- Landbrukskontoret
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Assisterande rådmann
- Økonomiavdelinga
- Hareid kommune
- Ulstein kommune

Vedlegg:

- KN-sak 19/14
- Utkast til avtale mellom ÅPK AS og Herøy kommune.

Saksopplysningar:

I KN-sak 19/14 vart det gjort slikt vedtak:

«Saka vert lagt fram på nytt den 12.05.2014 der administrasjonen avklarar vidareføring av det fylkeskommunale tilskotet og kostnadene ved å knyte seg til Ålesund Kunnskapspark AS.»

Eg har i skrivande stund ikkje fått tilbakemelding frå fylkeskommunen.

Når det gjeld Ålesund Kunnskapspark (Åpk), har eg mottatt eit framlegg til avtale. Avtalen er i hovudsak likelydande med avtalen som er inngått av Ulstein kommune.

For 2014 tilbyr Åpk å utøve fyrstelinetenesta for Herøy kommune mot eit timevederlag på kr 770 per time, minimum kr 50.000 ex mva for 2014. Dette gir eit tilgjengeleg timetal til rådgjeving og saksbehandling på 65 timar. Dersom det viser seg behov for ytterlegare ramme, vil dette bli etter same sats og basert på kommunale godkjenning.

Fyrstelinetenesta er gratis for brukarane og finansiert av kommunen.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen meiner utføringa av entreprenørprogrammet bør flyttast frå landbrukskontoret i Myrvåg til «Industriinkubatoren for søre Sunnmøre» i Ulsteinvik. Fyrstelinetenesta vil primært bli driven frå dette kontoret, og då i synergi med Åpk sine andre aktivitetar. Det er også mogleg å nytte tilgjengeleg kontor i Fosnavåg ved nokre høve.

Det opplegget som Ålesund Kunnskapspark AS skisserer med å knyte hoppidkontoret til fagmiljøet rundt industriinkubator-stillinga i Ulsteinvik, er vurdert som kvalitativt best. Her vil ein nytte godt av allereie eksisterande kompetanse på rettleiing og konseptvurdering. Eg finn tilbodet frå Ålesund kunnskapspark som akseptabelt i høve den kvalitetsheving ein med dette kan forvente innan etablerarrettleiing som del av eit etablert rådgjevingsmiljø.

Rådmannen går altså inn for at Herøy kommune inngår ny partnerskapsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune og Innovasjon Norge Møre og Romsdal om drift av hoppid-kontor.

Det vert gjort avtale med Ålesund kunnskapspark v/ industriinkubatoren på om drift av hoppid.no-kontor for Herøy kommune.

Fastbeløp kan dekkast av kommunalt næringsfondet/RDA- midlar, det er opning for det i vedtektene.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Dersom kostnaden vert dekt av kommunalt næringsfond/RDA- midlar, vil avtalen ikkje ha driftsmessige konsekvensar.

Fosnavåg, 02.05.2014

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	EKRU	Arkivsaknr:	2014/479
		Arkiv:	U01

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Komite for næring, kultur og idrett	07.04.2014

FØRSTELINJETENESTE FOR ETABLERINGSRETTLEIING I HERØY. STATUS OG VIDARE FRAMDRIFT FOR HOPPID-KONTOR.

Tilråding frå rådmannen:

Komite for næring, kultur og idrett tek prosessen med hoppid.no-kontor til vitande, og vedtek at arbeidet med etablering av ny hoppid-teneste går inn som ein del av arbeidet med strategisk næringsplan.

Særutskrift:
Ass. rådmann
Utviklingsavdelinga
Møre og Romsdal fylkeskommune
Hareid kommune
Ulstein kommune
Sunnmøre Kulturnæringshage AS

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Det har vore arbeidd ei tid med å finne ei tenleg ordning for rettleiingstenesta for nyetableringar i næringslivet, hoppid.no. Tenesta i dag ligg til Søre Sunnmøre landbrukskontor, som har signalisert at tenesta nok kunne vore utført betre av andre. Saka vart skriven klar for politisk handsaming våren 2013, men ikkje fremja i påvente av å finne ei felles løysing for Hareid, Ulstein og Herøy kommune.

Litt historikk:

Møre og Romsdal fylke og Innovasjon Norge Møre og Romsdal oppretta i samarbeid eit entreprenørprogram under namnet hoppid.no i 2006, først som prosjekt, og sidan 2010 som merkevare og konsept for satsing på entreprenørskap i Møre og Romsdal.

Fundamentet i hoppid.no er partnerskapen mellom Møre og Romsdal fylkeskommune, Innovasjon Norge, fylkesmannen sin landbruksavdeling og kommunane. Den legg grunnlaget for hoppid.no-kontora som er førstelinja i etablererrettleiinga. I følgje partnerskapsavtalen er kommunane ansvarlege for drifta av tilbodet, medan dei andre partane bidreg med sertifisering, kompetanse- og nettverksarbeid, profilering og ulike økonomiske verkemidlar retta mot etablerarane.

Herøy kommunestyre vedtok medio 2008, saman med Ulstein og Hareid kommunar å inngå partnerskapsavtale med Møre og Romsdal fylke og innovasjon Norge Møre og Romsdal, om førstelinjeteneste for etablererrettleiing. Denne vart lagt til Søre Sunnmøre Landbrukskontor. I vedtaket vart det lagt til grunn at tenesta skulle drivast innanfor eksisterande ressursar i landbrukskontoret. Fylkeskommunen gir ikkje midlar til drift.

Landbrukskontoret fekk tilført frå fylkeskommunen kr 100.000 per samarbeidskommune, og kr 50.000 kroner ekstra per kommune for samarbeidet. Dette gav kr 450.000 til satsinga. Seinare har fylkeskommunen gitt kr 200.000 i avklaringsmidlar, så samla tilskot frå fylket er kr 650.000. Det kan gjevast avklaringsmidlar tittel kr 20.000 som eingongsstønad til etablerarar. Per juni 2013 var det brukt knapt kr 200.000.

Landbrukssjefen opplyser at frå juni 2009 til ut år 2012 har det frå kontoret vore innvilga 15 søknadar om avklaringsmidlar. Aktiviteten til juni 2013 har vore 4-5 telefonar og 2 søknadar om avklaringsmidlar. Det finst ingen oversikt over korleis det har gått med dei 15 gründerideane som fekk innvilga avklaringsmidlar.

I februar 2013 vart det halde dialogmøte om fornying av partnerskapsavtale om førstelinjetenesta for etablererrettleiing i Hareid, Herøy og Ulstein, der fylkeskommunen vart utfordra til å kome med innspel på korleis kommunane kan legge til rette for eit endå betre tilbod til gründerar og andre som ynskjer å starte eiga verksemd i Hareid, Ulstein og Herøy. I brev datert 01.04.2013 til kommunane i Hareid, Ulstein og Herøy kjem fylkeskommunen med innspel på ansvarsfordelinga i dette programmet.

I fylkesplanen for Møre og Romsdal 2013-2016 er eit av måla at «Møre og Romsdal skal ha fleire nyetableringar med større overlevingsgrad, særleg innanfor kompetanse-intensive næringer». I hoppid.no jobbar ein for å nå det målet, både gjennom mobilisering, kompetanseheving, rådgjeving og finansiering.

Resultatet av hoppid.no så langt er i følgje fylkeskommunen

- ein auke i etableringane frå 1600 nyetableringar årleg i perioden 2001-2005 til 2000 årleg i perioden 2006-2010.
- at fleire unge etablerer eigen bedrift.
- ein auke i etterspurnaden av etablererstipend, og betre kvalitet.
- fortsatt høg overlevingssevne.

Kommunen er fyrstelinja, og kommunar/kommunesamarbeid med synlege og aktive hoppid.no-kontor får gode tilbakemeldingar frå etablerarar som nyttar seg av tilbodet, og dei opplever hoppid.no som eit lavterskeltilbud som er lett tilgjengeleg.

Hovudoppgåvene i hoppid.no er:

- avklare kva etableraren treng av rådgjeving, kompetanse og finansiering.
- rettleie etableraren i utarbeiding av forretningsplan.
- ha kjennskap til, og bruke nettverk, som
 - næringshagar og kunnskapsparkar
 - Innovasjon Norge
 - Fylkesmannens landbruksavdeling
 - Bedriftsrådgjevarmiljø
 - Finansmiljø og lokale bankar
 - etablert lokalt næringsliv

I tillegg har hoppid.no-kontoret viktige mobiliseringsoppgåver:

- vere medspelar i arbeidet med entreprenørskap i skulen.
- vere medspelar for lokale utviklingsprosessar (t.d. bygdemobilisering).
- legge til rette for møteplassar mellom etablerarar og lokalt næringsliv.

Kommunen sitt ansvar er å tilby førstelinjeteneste for alle som vil utvikle ein forretningside og etablere eigen bedrift. I hoppid.no får kommunane tilbod om sertifiseringskurs som gir eit minimum av kompetanse som trengs for å kunne kalle seg hoppid.no-kontor. Kommunen avgjer kven som skal ha den oppgåva.

Finansiering av stillingsressurs i hoppid.no er eit kommunalt ansvar. Kommunen må sjølv sette av tilstrekkeleg med ressursar til at tenestene vert tilgjengelege og kompetente.

Moglege løysingsmodellar.

Om våre tre kommunar, Hareid, Ulstein og Herøy, vel å stå saman om eit hoppid.no-kontor, så rår fylket til at ein bør minst ha tilgjengeleg ein 100% ressurs for å vere førstelinjerådgjevar. Fylket oppmodar kommunar innanfor same bu- og arbeidsmarknadsregion til å vurdere samarbeid om kontoret, då deira erfaring viser at det då er vert lettare å sette av ressursar og at større pågang av etablerarar hevar kvaliteten på tenestene. Det er henta inn tilbod frå andre aktuelle tilbydarar i regionen for å få sving på rettleiartenesta for gründerar:

Hareid Næringsforum tilbyr seg å utføre hoppid.no-tenestene for våre tre kommunar etter ynskjer, enkeltvis eller samla. Til dette arbeidet reknar Hareid

Næringsforum, med basis i erfaringar frå andre regionar, at det trengst 50% stillingsressurs for å betene Hareid, Ulstein og Herøy kommunar. Tilbodet føreset også samlokalisering på Hareid. Om dette ikkje let seg gjere, så kjem leigekostnad for kontorlokale i tillegg. Med utgangspunkt i kr 620.000 for eit årsverk vert kostnaden for kommunane slik:

Hareid, Ulstein og Herøy ynskjer å kjøpe ei 50% stilling/kr 310.000,- i fellesskap. Fordelingsnøkkel per innbyggjar per 1. januar 2013:

Herøy	(8847 innbyggjarar)	kr 125.000
Ulstein	(7927 innbyggjarar)	kr 113.000
Hareid	(5057 innbyggjarar)	kr 72.000

Sunnmøre Kulturnæringshage AS i Volda har levert eit tilbod i form av forslag til avtale med kommunane. Denne avtalen omfattar i korte trekk:

- representasjonsoppgåver som hoppid.no-kontor og førstelinjeteneste for etablerarar i våre kommunar/Herøy kommune, tilstelling og marknadsføring av ulike arrangement i hoppir.no-regi, og hoppid.no-kurs og regionmøter med Innovasjon Norge.
- tildeling og disponering av hoppid.no-midlar frå fylkeskommunen i samråd med ansvarlege for nærings saker i våre kommunar/Herøy kommune, og rapportering av disposisjon av hoppid.no-midlar til regional- og næringsavdelinga i fylkeskommunen i tår demd partnerskapsprogrammet om hoppid.no-teneste.
- avtalen gjeld for eitt år om gongen, fyrste gong frå 1. januar 2014 til 31. desember 2014. Partane kan seie opp avtalen med 3 månaders varsel, første gong 1. oktober 2014.
- Sunnmøre Kulturnæringshage AS sitt arbeid skal dekkjast inn gjennom eit årleg tilskot på kr 20.000. Dette beløpet skal dekke 26 timars rådgjeving. Ei utviding av timebruken, med dertil auke i kostnad, skal på førehand vere godkjent av kommunen.

Ålesund Kunnskapspark AS meldte våren 2013 om at det var sett i gong eit pilotprosjekt for ei førstelinjeteneste for etablerarar gjennom hoppid.no på Nordre Sunnmøre, med Ålesund, Sula og Skodje som deltakande kommunar. Pilotprosjektet starta opp 14. februar 2013 og skal vare i 3 år. Ålesund kunnskapspark AS står for drifta, det er tilsett 0,75% årsverk, kostnadane for drift er fordelte på kommunane med likt grunnbeløp på kr 30.000 og resten fordelt etter innbyggartalet. T.d. for Skodje kommune, med 4184 innbyggjarar pr 01.01.2012, så vil kostnaden vere kr 81.000 per år. Prosjektet har så langt vore ein stor suksess.

Kunnskapsparken føreslo at Hareid, Ulstein og Herøy kommunar kunne knytte seg til pilotprosjektet, gjerne opp mot industriinkubator-miljøet på Stålhaugen i Ulsteinvik. På denne måten kunne ein utvikle det etablerte miljøet som allereie finst der. Seniorrådgivar Arne Mehl nemner at eit halvt årsverk kan vere tilstrekkeleg til å drifte våre tre kommunar i dette samarbeidet. Det vart då vurdert slik at Åkp kunne levere ei hoppid.no-teneste som er funksjonell for kr 260.000. Denne tenesta ville då vere lokalisert ved industriinkubatoren i Ulsteinvik. Modellen vart av ulike årsaker lagt vekk utpå hausten 2013.

Dagens status.

I heile denne prosessen har Herøy kommune prøvd å jobbe etter samarbeidsmodellen som var etablert for felles hoppid.no-kontor for Hareid, Ulstein og Herøy kommune. Ulstein har no varsla at dei uavhengig av dei to andre

kommunane vil fremje tilbudet frå Ålesund Kunnskapsark AS som deira løysing for framtidig førstelinjetenester for etablerarar gjennom hoppid.no. Hareid og Herøy kommunar står då fritt til å velje eigen løysing.

Etterspørselen etter hoppid.no-tenester ligg på eit relativt lavt nivå i Herøy kommune. Dette kan skyldast både låg profilering av dagens førstelinjeteneste, men også at næringslivet i Herøy er av en slik karakter at næringsetablering skjer til tross for eit kommunalt tilbod om vegleing. Sunnmøre Kultur næringshage melder at dei har i gjennomsnitt tre førespurnadar i månaden frå innbyggjarar i Herøy, men at få av desse resulterer i ein oppfølgingssamtale. Det er som regel i samband med marknadsføring av ulike tenester/arrangement at nokon har tatt kontakt. Inkubator tenesta i Ulsteinvik melder også om noko kontakt, men då har ein som regel vore i kontakt med Landbrukskontoret fyrst.

Vurdering og konklusjon:

Etter rådmannens vurdering er marknadsmekanismene i Herøysamfunnet av ein slik karakter at nyetablering skjer innanfor gjeldande mekanisme i samfunnet sjølv. Det er eit relevant spørsmål om det er eit behov for ei fyrstelinjeteneste, der ein yter vegleing og inntil 20.000 som tilskot.

Rådmannen ser det som naturleg at denne diskusjonen kjem inn under arbeidet med Strategisk næringsplan, der ein får sjå og planlegge relevante høve i eit breiare fora.

Konsekvensar for folkehelse:

Å prøve men feile har konsekvensar for gründer på ulike måtar. Ei god førstelinjeteneste vil kunne vegleie og gi råd til fyrstegongsetablerarar slik at ein reduserar fare for negative utfall.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Det er i budsjett 2014 ikkje satt av eigne midlar til ei alternativ organisering av hoppid.no-kontor.

Fosnavåg, 21.03.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

AVTALE

om utøving av fyrstelineteneste / rettleiing av etablerarar

mellom

ÅKP AS
Ålesund Kunnskapspark
og
Herøy kommune

1 Formål

Herøy Kommune ynskjer at ÅKP skal drive kommunens fyrstelineteneste som eit hoppid.no - kontor . Hoppid.no er Møre og Romsdal Fylkeskommune si satsing på entreprenørskap. Frå før driv ÅKP tilsvarende tenester for Sula, Ålesund og Skodje ut frå kontoret i Ålesund og for Ulstein kommune ut ifrå kontoret i Ulstein.

ÅKP har ein SIVA inkubator – «Industriinkubatoren for søre Sunnmøre» i Ulsteinvik. Fyrstelinetenesta til vil primært bli driven frå dette kontoret, og då i synergi med ÅKP sine andre aktivitetar. Det er også mogleg å nytte tilgjengelig kontor i Fosnavåg ved nokre høve. Fyrstelinetenesta er gratis for brukarane og finansiert av kommunen.

2 Innhald i tenesta

ÅKP skal promotere kontoret og tenestene etter hoppid.no sine retningsliner. I dette ligg det å stå føre aktivitetar, kurs og møter i hoppid.no regi.

ÅKP skal disponere «hoppid- midlane» til Herøy kommune. I dette ligg det at ÅKP skal ta i mot og behandle søknader om avklaringsstøtte. Åkp skal stå fritt i høve tildelingar frå desse midlane til prosjekt som tilfredsstillar krava. ÅKP skal årleg rapportere aktiviteten og bruk av fondet til Fylket og Herøy Kommune etter retningsliner for hoppid-kontor.

ÅKP skal sparre og rådgje ide-eigarar som har planar om å etablere næringsverksemd i Herøy Kommune. ÅKP bestemmer sjølv kva rådgivingstimar som skal nyttast til dei ulike etablerarar då ein veit at dette vil variere frå sak til sak. Målet med eit hoppid.no kontor er at ide-eigar skal få gode råd og god hjelp i ei tidleg utviklingsfase, ikkje berre nokre kroner frå eit fond.

3 Gjennomføring

Rådgjevinga skal fortrinnsvis skje ved kontoret på Stålhaugen. Når det høver kan anna løysing nemnt føre nyttast. ÅKP skal nytte sertifiserte rådgjevarar i hoppid arbeidet.

4 Vederlag

For 2014 tilbyr Åkp å utøve fyrstelinetesta for Herøy kommune mot eit timevederlag på kr 770 per time, minimum kr 50.000 ex, mva. for 2014. Dette gir et tilgjengelig timetall rådgjeving og saksbehandling på 65 timar. Dersom det viser seg behov for ytterlegare ramme vil dette bli etter same sats og basert på kommunal godkjenning.

Til orientering nemnast at det i 2013 var eit antal interessentar som vende seg til Industriinkubatorkontoret i Ulsteinvik for informasjon og råd om etablering. Blant desse også personar frå Herøy. Ein søknadsprosess til hoppid midlar treng i snitt 4 timar, so kjem sparring og rådgiving som vil variere sterkt, og deretter annan administrasjon og marknadsføring av ordninga.

5 Varigheit

Denne avtale er gjeldande for kalenderåret 2014. Det er intensjonen å inngå ei ny avtale for 2015 innan desember 2014. Avtala kan uansett seiast opp av partane med 3 månaders varsel, fyrste gong 1 oktober 2014.

Herøy dato:.....2014

Herøy dato:.....2014

Åkp AS

Herøy kommune

Dato: 14.3.2014

Saksnr.: 14/2424

Høringsnotat for forslag til forskrift om distriktsrettet investeringsstøtte og regional transportstøtte

1. INNLEDNING

EFTAs overvåkingsorgan (heretter ESA) vedtok 31.10.2013 nye retningslinjer for regionalstøtte. Retningslinjene for gruppeunntak, som blant annet regulerer distriktsrettet investeringsstøtte og regional transportstøtte, er ikke formelt vedtatt per. 14.3.2014.

Imidlertid er det overveiende sannsynlighet for at det ikke vil foretas substansielle endringer i utkastet til regelverket før endelig vedtakelse.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har notifisert yttergrensene for virkeområdet for regionalstøtte. ESA godkjente dette virkeområdet 27. februar 2014.

2. DEPARTEMENTES VURDERINGER OG FORSLAG

Med grunnlag i endringer av EØS-regelverket som følger av ESAs vedtatte retningslinjer av 31.10.2013 foreslår Kommunal- og moderniseringsdepartementet at Forskrift om virkeområdet for distriktsrettet investeringsstøtte og regional transportstøtte vedtas med følgende virkninger:

- Forskrift om geografisk virkeområde og bruk av dei regional- og distriktpolitiske verkemidla av 2006-12-15-1455, med hjemmel i kgl.res. 15. desember 2006, Stortingsvedtak om løyving til regional- og distriktpolitiske verkemiddel og ESAs vedtak 226/06/COL, oppheves.
- Forskrift om nasjonal transportstøtte av 2004-06-24-1461, med hjemmel i Stortingets vedtak 15. desember 2003 om bevilgninger på statsbudsjettet for 2004, jf. B.innst.S. nr.5 (2003-2004), jf. St.prp. nr.1 (2003-2004) og St.prp. nr.1 Tillegg nr. 3 og 4 (2003-2004), endret ved forskrift 9. februar 2006 nr. 291, oppheves.
- Nasjonale retningslinjer for regional transportstøtte (Ytre rammeverk), med hjemmel i retningslinjene for regional statsstøtte vedtatt av ESA 6. april 2006, oppheves.
- Alle offentlige midler som tildeles distriktsrettet investeringsstøtte og regional transportstøtte skjer i samsvar og med hjemmel i denne forskriften samt ESAs vedtak, jf. Dec. No. 91/14/COL.

3. BAKGRUNN

3.1 Distriktsrettet investeringsstøtte

Gjeldende *forskrift om geografiske virkeområder og bruken av de distriktpolitiske virkemidlene* (vedlegg 2) ble vedtatt 15.12.2006, med hjemmel i Stortingsvedtak og vedtak fattet av ESA. Forskriften definerer det geografiske virkeområdet og angir støttesatser for tildeling av direkte bedriftsrettet støtte.

I tillegg definerer forskriften et område der det kan tildeles indirekte, tilretteleggende distrikts- og regionalpolitisk støtte for næringsutvikling. Dette er sone II i det distriktpolitiske virkeområdet.

Forskriften er gjeldende til den endres eller oppheves av en annen forskrift eller hjemmelsgrunnlaget bortfaller. I vårt tilfelle bortfaller hjemmelsgrunnlaget ved at ESAs vedtak som forskriften er hjemlet i utløper 1.7.2014. Det er nødvendig å vedta en ny forskrift med gyldig eller oppdatert hjemmel og ESAs vedtak om nytt virkeområde for distriktsrettet investeringsstøtte av 27. februar 2014.

3.2 Regional transportstøtte

Den regionale transportstøtteordningen ble første gang notifisert av departementet i EFTA Surveillance Authority (ESA), høsten 2001, med formell virkning fra 1. januar 2000 til og med 31. desember 2006, jf. EØS-avtalen art. 61-63, Annex XV og Protokoll 26 og ESAs beslutning av 19. desember 2001.

Forskrift om nasjonal transportstøtte ble vedtatt 24.6.2004 og endret med forskrift vedtatt 1.1.2005. I 2006 ble posten for transportstøtte avviklet og hjemmelsgrunnlaget i Stortingets budsjettvedtak bortfalt. Fra 2007 ble det vedtatt nasjonale retningslinjer for regional transportstøtte. Ordningen ble notifisert på nytt 14.12.2006, i retningslinjene for regionalstøtte, med mulighet for fylkeskommunene og kommunene til å tildele transportstøtte med midler fra Statsbudsjettets kapittel 55160- og 61-posten.

Den 22. desember 2005 notifiserte departementet to endringer i den nasjonale transportstøtteordningen, som ble vedtatt av ESA 9. februar 2006, med tilbakevirkende kraft fra og med 1. januar 2005. ESA godkjente at virkeområdet ble utvidet, samt at både nasjonale og fylkeskommunale midler kunne dekke støtteberettigede transportkostnader innenfor kumulasjonsreglene.

De nye retningslinjene for regionalstøtte, som ble vedtatt av ESA 23.10.2013, gjelder ikke lengre for transportstøtte. Transportstøtte er nå hjemlet i det nye utkastet for gruppeunntak som oppstiller geografiske rammer for regionalstøtte, tilsvarende området for investeringsstøtte.

Dersom det etter 1.7.2014 skal tildeles transportstøtte må dette skje i samsvar med gruppeunntaket for transportstøtte og meldes til ESA.

4. FORSLAG TIL FORSKRIFT OM VIRKEOMRÅDET FOR DISTRIKTSRETTET INVESTERINGSSTØTTE OG TRANSPORTSTØTTE

Kapittel I Generelle bestemmelser

§ 1. Formål

Forskriften avgrensner det geografiske virkeområdet for distriktsrettet investeringsstøtte og regional transportstøtte i samsvar med det notifiserte regionalstøttekartet.¹

Formålet med distriktsrettet investeringsstøtte er å stimulere til investeringer i bedrifter i virkeområdet der utfordringene for lønnsom næringsvirksomhet er størst.

Formålet med regional transportstøtte er å dekke deler av transportkostnadene til foretak som produserer eller bearbeider varer innenfor det geografiske virkeområdet.

1. Jf. Guidelines on regional State aid for 2014-2020, 2013/C, 209/01, gruppeunntak, vedtak godkjent av ESA.

Merknader til § 1:

Departementet vil presisere at alle midler til distriktsrettet investeringsstøtte og regional transportstøtte som gis fra Statsbudsjettets kapittel 551, post 60 Tilskudd til fylkeskommuner for regional utvikling og post 61 Næringsrettede midler, kompensasjon for økt arbeidsgiveravgift og andre offentlige midler (fylkeskommunale/kommunale) skal tildeles i samsvar med denne forskriften.

§ 2. Definisjoner

Følgende definisjoner legges til grunn i denne forskriften:

1. Distriktsrettet investeringsstøtte: Offentlig støtte til foretak for investeringer i materielle driftsmidler og immaterielle rettigheter.
2. Immaterielle rettigheter: Eiendeler anskaffet gjennom en overføring av teknologi som patentrettigheter, lisenser, know-how eller ikke-patentert teknisk kunnskap.
3. Materielle eiendeler/driftsmidler: eiendom, bygninger, anlegg, maskiner og verktøy.

Merknader til § 2:

Bestemmelsen er en oversettelse av definisjonene i Guidelines on regional State aid for 2014-2020 (1213/C 209/01) avsnitt 20, bokstavene h og i.

§ 3. Geografisk virkeområde

Distriktsrettet investeringsstøtte og regional transportstøtte kan tildeles i følgende kommuner:

Fylke	Kommune
Finnmark	Alle kommuner.
Troms	Alle kommuner.
Nordland	Alle kommuner.
Nord-Trøndelag	Alle kommuner med unntak av Levanger og Stjørdal.
Sør-Trøndelag	Tydal, Selbu, Midtre Gauldal, Holtålen, Røros, Meldal, Rennebu, Oppdal, Osen, Roan, Åfjord, Bjugn, Rissa, Agdenes, Ørland, Frøya, Hitra, Snillfjord, Hemne.
Møre og Romsdal	Aure, Smøla, Halså, Rindal, Surnadal, Sunndal, Tingvoll, Gjemnes, Averøy, Eide, Sandøy, Midsund, Nesset, Rauma, Vestnes, Haram, Stordal, Stranda, Norddal, Ørsta, Volda, Sande, Vanylven.
Sogn og Fjordane	Alle kommuner.
Hordaland	Masfjorden, Fedje, Modalen, Vaksdal, Samnanger, Kvam, Voss, Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Odda, Jondal, Kvinnherad, Tysnes, Fitjar, Etne.
Rogaland	Utsira, Kvitsøy, Sauda, Suldal, Hjelmeland, Lund, Sokndal.
Vest-Agder	Sirdal, Kvinesdal, Hægebostad, Audnedal, Åseral, Marnardal, Flekkefjord, Farsund.
Aust-Agder	Risør, Gjerstad, Vegårshei, Tvedestrand, Åmli, Evje og Hornnes, Bygland, Valle, Bykle.
Telemark	Notodden, Kragerø, Drangedal, Nome, Bø, Sauherad, Tinn, Hjartdal, Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke, Vinje.
Buskerud	Nore og Uvdal, Rollag, Krødsherad, Sigdal, Hol, Ål, Hemsedal, Gol, Nes, Flå.
Oppland	Dovre, Lesja, Skjåk, Lom, Vågå, Nord-Fron, Sel, Sør-Fron, Ringebu, Øyer, Gausdal, Vestre Toten, Søndre Land, Nordre Land, Sør-Aurdal, Etnedal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre, Øystre Slidre, Vang.
Hedmark	Kongsvinger, Nord-Odal, Sør-Odal, Eidskog, Grue, Åsnes, Våler, Trysil, Åmot, Stor-Elvdal, Rendalen, Engerdal, Tolga, Tynset, Alvdal, Folldal, Os.

Fylke

Østfold

Kommune

Rømskog, Marker, Aremark.

Merknader til § 3

Departementet vil presisere at dersom foretak som ligger i andre kommuner enn de som er listet i § 3 tildeles støtte til investeringer eller transport må dette skje i samsvar med EØS-avtalen.

Kapittel II Distriktsrettet investeringsstøtte**§ 4. Vilkår**

Det kan tildeles støtte til følgende investeringer i materielle eiendeler¹ og/eller immaterielle rettigheter² som er tilknyttet:

- a) Etablering av et nytt foretak.
- b) Utvidelse/oppgradering av et etablert foretak.
- c) Diversifisering av et foretaks produksjon til å omfatte flere produkter.
- d) En grunnleggende endring i produksjonsprosessen i et etablert foretak.
- e) Et oppkjøp av et foretak som skal etableres, forutsatt at selve etableringen ikke ville skjedd uten investeringsstøtten og investoren er uavhengig foretaket som kjøpes. Investeringsstøtten kan ikke dekke kjøp av aksjene i foretaket.

1. Jf. definisjon i § 2. 2. Jf. definisjon i § 2.

Merknader til § 4:

Bestemmelsen er en oversettelse av utkast til retningslinjer for gruppeunntak C(2013)9256/2 artikkel 14; Regional investment aid.

§ 5. Støtteintensitet

Maksimale støtteintensiteter for investeringsstøtte er:

Størrelse på foretak	Stor	Mellomstor	Liten
Prosent ¹	Inntil 15 %	Inntil 25 %	Inntil 35 %
Antall ansatte	250 og flere	Fra og med 50 til 250	Færre enn 50

1. Prosent av støtteberettiget kostnad.

Kapittel III Forholdet til skatteloven**§ 6 Skattefri virksomhetsinntekt**

Distriktsrettet investeringsstøtte etter retningslinjene for regionalstøtte og regional investeringsstøtte etter retningslinjene for gruppeunntak:

- a) Regnes som skattefri virksomhetsinntekt.¹
- b) Skal ikke trekkes fra kostpris ved beregning av årlige og totale avskrivninger.²
- c) Regnes som en del av vederlaget ved salg av driftsmiddelet før det har gått fem år etter at det ble ervervet.³

1. Jf. Lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt og formue og inntekt (skatteloven) § 5-31 bokstav a. 2. Jf. skatteloven § 14-42 andre ledd siste punktum. 3. Jf. skatteloven § 14-44 første ledd andre punktum.

Kapittel IV Transportstøtte

§ 7. Vilkår

Regional transportstøtte kan tildeles dersom følgende vilkår er oppfylt:

- a) Foretaket som mottar støtten har produksjons- eller bearbeidelsessted innenfor det geografiske virkeområdet jf. § 3.¹
- b) Foretaket bærer hele kostnaden for forsendelsen.
- c) Transporten skjer med jernbane, båt, fly eller ved veitransport i yrkesmessig trafikk.

§ 8. Den støtteberettigede transportavstanden

Det kan gis støtte til ut- og inntransport fra det geografiske virkeområdet til eller fra den norske landegrensen eller norsk havn.

For forsendelser i Norge gis det støtte for hele avstanden.

Det samme gjelder for forsendelser som går via Sverige og/eller Finland og tilbake til Norge.

For forsendelser som ender i Sverige eller Finland, og som er minimum 350 km, gis det støtte for transporten frem til norsk grense.

Ved forsendelse til andre land enn Sverige eller Finland gis det støtte til og fra norsk grense, såfremt den totale avstanden fra foretakets plassering og norsk grense for forsendelsen er minst 350 kilometer.

1. Foretak med forretningsadresse utenfor det geografiske virkeområdet for transportstøtte, men som har produksjonsavdeling innenfor, kan gis transportstøtte for sendinger foretatt av avdelingen i virkeområdet for transportstøtte. Det forutsettes at det fremlegges avdelingsregnskap, herunder en revidert oversikt over støtteberettigede transportkostnader (revisoruttalelse i samsvar med DnR Revisjons ISA 800).

Merknader til § 8:

Bestemmelsen er en oversettelse av utkast til retningslinjer for gruppeunntak C(2013)9256/2 artikkel 15; Regional operating aid.

§ 9. Støtteintensitet for regional transportstøtte

Transportavstand i km.	Fra og med 340 km til 700 km	Fra og med 700 km og mer
Støttebeløp i prosent	30 %	40 %

§ 10. Utmåling av transportstøtten

Utmålingen av støtte for et regnskapsår skal foretas:

- a) På bakgrunn av foretakets samlede dokumenterte støtteberettigede kostnader.
- b) Ut fra den mest økonomiske transportmåten og den korteste veien mellom produksjons- bearbeidelsessted og leveringssted.

Kapittel V Øvrige bestemmelser

§ 11. Rapporteringsplikt

Samtlige midler som tildeles i henhold til denne forskriften skal rapporteres etter Kommunal- og moderniseringsdepartementets bestemmelser.¹

1. Jf. Lov av 27. november nr. 117 om offentlig støtte § 2 og Forskrift av 4. desember 1992 nr. 907 om offentlig støtte § 2.

Merknader til § 10:

Alle støttegiivere i Norge er pålagt å rapportere hvor mye distriktsrettet investeringsstøtte og regional transportstøtte som utbetales årlig, til EFTA surveillance Authority (ESA), jf. Lov av 27. november nr. 117 om offentlig støtte § 2 og Forskrift av 4. desember 1992 nr. 907 om offentlig støtte § 2.

§ 12. Omgjøring og krav om tilbakebetaling

Vedtak om tilskudd kan helt eller delvis omgjøres før utbetaling eller kreves helt eller delvis tilbakebetalt etter utbetaling dersom Departementet, fylkeskommunen eller andre tilskuddsforvaltere finner at tilskuddet er i strid med EØS-avtalen.

Ved tilbakebetaling etter disse reglene skal det legges til renter og renters renter fastsatt av ESA, gjeldene fra den dagen støtten ble mottatt til tidspunktet for tilbakebetalingen.¹

1. Jf. forskrift 4. desember 1992 nr. 904 om offentlig støtte § 5.

§ 13. Ikrafttredelse

Forskriften trer i kraft fra 1. juli 2014.

Fra: postmottak
Sendt: 19. mars 2014 08:02
Til: Arkiv
Emne: FW: Høring - Forskrift om distriktsrettet investeringsstøtte og regional transportstøtte

Helsing

HERØY KOMMUNE
Postmottak

7008 1300

www.heroy.kommune.no

Fra: Eriksson Mee Eline [mailto:Mee-Eline.Eriksson@kmd.dep.no]
Sendt: 18. mars 2014 16:02
Til: postmottak
Emne: Høring - Forskrift om distriktsrettet investeringsstøtte og regional transportstøtte

Ifølge liste

Deres ref	Vår ref	Dato
	14/2424 2	14.03.2014

Høring - Forskrift om distriktsrettet investeringsstøtte og regional transportstøtte

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sender med dette på høring forslag til forskrift om virkeområdet for distriktsrettet investeringsstøtte og regional transportstøtte. Høringsnotatet følger vedlagt og er kunngjort på Kommunal- og moderniseringsdepartementets nettsider.

Departementet vil understreke at den enkelte høringsinstans må vurdere om saken bør sendes videre til underliggende etater eller virksomheter, tilknyttede virksomheter, medlemsorganisasjoner e.l.

Høringsfrist og kontaktinformasjon

Fristen for å avgi høringsuttalelse er 5. mai 2014. Departementet begrunner seks uker høringsfrist med at forskriften er en implementering av regelverk som følger av EØS-avtalen, jf. utredningsinstruksen punkt 5.2 og punkt 1.3. Høringsinnspill sendes elektronisk til: postmottak@kmd.dep.no. Saken merkes: 14/2424

Med hilsen

Bjørn Barvik (e.f.)
avdelingsdirektør

Mee Eline Eriksson
førstekonsulent

Vedlegg: Høringsnotat

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.